

Høyringsvar om vikarbyrådirektivet

Raudt Sogn og Fjordane vil med dette gje høyringsvar om EU sitt vikarbyrådirektiv, og meiner at fleire punkt i direktivet vil måtte føre til endringar i arbeidsmiljølova. Raudt Sogn og Fjordane krev derfor at Noreg må bruke den reservasjonsretten som ligg i EØS-avtala og seie nei til direktivet.

Det er særleg artikkel 4 i direktivet som kan skape problem, der det m.a. står "Forbod mod og restriksjoner i anvendelsen af vikararbejde kan kun begrundes i almenne hensyn til især beskyttelse af vikaransatte og krav til sundhed og sikkerhed på arbejdspladsen eller i behovet for at sikre et velfungerende arbejdsmarked og forebygge misbrug:"

I arbeidsmiljølova kan § 14.12 som hindrar bruk av vikarbyrå for å omgå krav om fast stilling, vere i strid med det som er nemnt over. Dette kan også undergrave § 14.9. om at fast stilling skal vere det normale. I tvilstilfelle vil det vere opp til EFTA-domstolen å avgjere. Dermed blir det dommarar og EU sin rettspraksis som avgjer og ikkje den norske Arbeidsmiljølova. Det har den seinare tid vore fleire dommar i EU-domstolen som gjer det vanskelegare for fagrørsla å kjempe mot lønnsdumping og forverra vilkår i arbeidslivet. EU sitt vikarbyrådirektiv vil ikkje gjere dette enklare – heller tvert imot.

I Noreg blei om lag 1,1 % av alle årsverk utført av tilsette i vikarbyrå 2009. Dette er relativt lite viss ein samanliknar med andre europeiske land. Likevel har det vore ein eksplosiv vekst innan bransjen her i landet dei siste 10 åra. Med EU sitt vikarbyrådirektiv, vil dette føre til usikre arbeidstilhøve for mange arbeidstakarar. Kva lønn vikarar skal ha, er også uklart. Dei er oftast lønna lågare enn fast tilsette, nettopp fordi dei er vikarar, og dei får heller ikkje akkord og tillegg som fast tilsette.

Når EU sine fire fridomar, fri flyt av varer, tenester, personar og kapital, skal vere overordna, vil det vere rein "strutsepolitikk" å implementere EU sitt vikarbyrådirektiv og tru at dette ikkje vil verke negativt inn på norsk arbeidsliv.

Raudt Sogn og Fjordane er samd i vedtaket frå LO-kongressen i 2009: "Regjeringa må bruke reservasjonsretten mot EU-direktiv som innskrenker nasjonale virkemidler mot sosial dumping og som reduserer faglige rettigheter og velferdsordninger". Dette gjeld i høgste grad EU sitt vikarbyrådirektiv. Bruk reservasjonsretten!

Raudt Sogn og Fjordane

Ingunn Kandal
Ingunn Kandal
fylkesleiar

Raudt Sogn og Fjordane

Boks 171

6991 HØYANGER

<http://roedt.no/sogn-og-fjordane/nyheter/>

Leiaren sin heimelif.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltilf.: 46 47 77 23

E.post: inkan@online.no

Blogg: